

Lingalaks AS
Grovaabrotet 8
5600 Norheimsund

Dato 02.03.21
Vår referanse: O. Sagen
Dykkar referans
Sak:

Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
post@vlfk.no

Søknad om løyve til å etablere anlegg for akvakultur i Kvam Herad for akvakulturløyva H-KM0001, HKM0004, HKM0005, HKM0018, HKM0024 ved lokalitet Ytre Samlen

Lingalaks AS søker med dette om å etablere anlegg for laks og aure ved lokalitet Ytre Samlen i Kvam herad. Det omsøkte arealet er sett av til akvakulturføremål i arealdelen i kommuneplanen som vart vedteke i 2019. Søknaden inneber ikkje kapasitetsauke, då Lingalaks ynskjer å flytte eksisterande produksjon på lokalitet Djupevik (lok nr.10338) og Rossholmen (lok nr.12018) til ny lokalitet Ytre Samlen.

Bakgrunn for søknaden – presentasjon av Lingalaks

Lingalaks AS er eit familieeigd selskap som vart stifta og starta opp i Hardanger i 1978. I dag har selskapet 10,2 konsesjonar, og produserer laks på i alt 15 matfiskanlegg. Desse er fordelt i Hardangerfjorden, i Alver, Bømlo og Karmøy. Hovudkontoret til Lingalaks ligg i Norheimsund i Kvam herad, og selskapet bidreg med si drift til lokale arbeidsplassar i fleire kommunar med totalt 54 årsverk. Lingalaks sine kjerneverdier er å kvar dag arbeide *ærleg, kvalitetsbevisst og framtidsretta* – og såleis syte for gode laksemiddagar til forbrukarar i heile verda, og ikkje minst lokal sysselsetjing i ein berekraftig sjømatproduksjon. Lingalaks er ei godkjend lærebedrift i akvakulturfaget og har i dag 3 lærlingar i opplæring tilknytt Ytre Hardanger opplæring.

Berekraft står sentralt hos Lingalaks: Me er opptekne av å ha godt miljø i og rundt anlegga, og gode tilhøve for husdyra våre. Målsetjinga vår er null utslepp og ressursar på avvege, og me arbeider kontinuerleg for å finne innovative løysingar for næringa. I denne samanheng vert det jamnleg utarbeidd berekraftsrapport for firmaet, for å kunne målbevisst redusere fotavtrykket. Lingalaks deltek i miljøkartleggingsarbeid i Hardangerfjorden som Marin overvåking Hordaland og villfiskprosjektet Salmon tracking. Dette er og ein viktig del av Lingalaks sine kjerneverdier. Lingalaks er Global Gap-sertifisert og har oppnådd ASC-sertifisering. Dette er internasjonale standardar med høge krav til berekraft, dyrevelferd, miljøvern, kjemikaliebruk og arbeidstilhøve. Me nyttar kun nøter utan kopar i Lingalaks, og har som målsetjing å elektrifisere alle flåter. Desse to punkta er viktige i berekraftsperspektivet. I desse dagar er Stadionlaks med Lingalaks og FRAMO i spissen i ferd med å realisere eit

lukka flytande produksjonsanlegg gjennom utviklingskonsesjonar tildelt i 2019. Oppstart drift er planlagt i 2023.


Samfunnsansvar og berekraft går hand i hand, og Lingalaks bidreg lokalt både innan helse, idrett og kultur. Årleg gjennomfører Lingalaks, med alle tilsette, plastrydding i strandsona i samarbeid med kommunen. Arbeidet er svært nyttig i seg sjølv, men har og ei viktig haldningsskapande funksjon i bedrifta og i lokalmiljøet elles.

Ytre Samlen – areal avsett til akvakulturføremål i kommuneplanen sin arealdel

I 2019 vedtok Kvam herad gjeldande arealdel i kommuneplanen der det blant anna vart avsett nye areal til akvakultur i Hardangerfjorden. Eitt av desse nye areala er Ytre Samlen sør for Kvamsøy. **Kart 1** og **kart 2** under viser oversikt over området og arealet som er avsett til akvakulturføremål i planen. Ytterlegare kartdokumentasjon ligg i vedlegg til søknaden.



Kart 1: Oversikt over området i Ytre Samlafjorden. Pil viser plassering av aktuelt akvakulturareal



Kart 2: Areal sett av til
akvakulturføremål ved Ytre
Samlen i tråd med Kvam
herad sin kommuneplan.
Lilla område viser
akvakulturområdet,
skravert område rundt
viser fortøyningsområde
[https://www.kvam.no/velk
omen-til-kvam/kart/](https://www.kvam.no/velkommen-til-kvam/kart/)

Lingalaks produserer i dag laks på lokalitetane Djupevik (10338) og Rossholmen (12018), der vi set ut om lag 400.000 smolt kvar partalsvår. Lokalitetane er klarerte for ein biomasse på høvesvis 1560 tonn og 500 tonn. Konsesjonen på Rossholmen er ein visningskonsesjon.

Visningslokaliteten på Rossholmen har i dag om lag 11.000 årleg vitjande gjester som lærer om laks og berekraftig sjømatproduksjon. I 2020 opna Hardanger Akvasenter ei ny virtuell opplevingsutstilling i lokala til Hardangerbadet i Øystese. Den sentrale plasseringa har gjort Akvasenteret meir tilgjengeleg for alle, og er eit populært tilbod både til lokale innbyggjarar og til turistar som vitjar Hardanger. Samspelet mellom Akvasenteret si utstilling og besøk på visningslokaliteten er unikt og vesentleg, og det vil vera positivt for aktiviteten på Akvasenteret å flytta visningslokaliteten nærare Øystese. Dei besøkande vil dessutan kunne få sjå ein lokalitet som betre representerer dagens standard og omfang i akvakulturnæringa samanlikna med tilhøva som er på Rossholmen i dag.

Lokalitet Ytre Samlen er kartlagt med omsyn på miljøforhold og botnmiljø og syner seg godt eigna for matproduksjon i sjø. Det er god djupne og utskifting av vatn på staden. Lokalitet Ytre Samlen er betre eigna til tradisjonell matfiskproduksjon enn Djupevik og Rossholmen, og legg til rette for ei meir optimal drift med tanke på miljøtilhøve og produksjonsresultat.

Søknaden for Ytre Samlen gjeld for eksisterande lokalitets-mtb på Djupevik og Rossholmen (samla 2060 tonn), og vil ikkje medføre auka produksjon i fjorden. Søknaden omfattar større anleggsstruktur enn på Djupevik i dag, dette vil kunne gje plass til ekstramerder, og såleis gje fisken større plass i merdane (innanfor avsett areal i kommuneplanen, sjå kart). Fisken på lokaliteten vil verta føra med kameraovervåkning frå førsentralen vår i Norheimsund tilsvarande det som er rutine på øvrige lokaliteter i selskapet.

På bakgrunn av grundig kartlegging av Ytre Samlen, og vedlagt dokumentasjon av desse, vurderer Lingalaks lokaliteten som godt eigna for matfiskproduksjon, og vonar på snarleg og positiv handsaming av søknaden vår.

Med venleg helsing
Lingalaks AS



Anita Stevnebø
biologisk koordinator